

Kvalitetsplanen for vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2017-2021

*Med visjonen **Ein tydeleg medspelar** vil vi utvikle kvaliteten i vidaregåande opplæring ved å vere tydelege medspelarar på vegne av fellesskapet i regionen og vere profesjonelle i alt vi gjer. Vi skal og vere fagretta, utviklingsorienterte og med tydeleg respekt for samfunnsoppdraget vi er gitt.*

Innhald

1. Innleiing	2
Hovudmålsetting	2
Prioriterte område.....	2
Om kvalitetsplanen	2
2. Strukturkvalitet.....	3
Målsettingar	3
Kvalitetsfremmande område	3
Indikatorar for måling av strukturkvalitet	4
3. Prosesskvalitet.....	4
Målsettingar	5
Kvalitetsfremmande område	5
Indikatorar for måling av prosesskvalitet.....	6
4. Resultatkvalitet.....	7
Målsettingar	7
Vurdering av skoler resultat	8
Indikatorar for måling av resultatkvalitet	8
5. Oppfølging av kvalitetsarbeidet	8
Analyse, vurdering av resultat og handlingsplaner	8
Oppdragsavtalar og leiardialog	8
Skolebasert vurdering, årsmelding og kvalitetsmelding	8

1. Innleiing

Den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal fylkeskommune skal vere framtidsretta, ha faglege utfordringar for alle, gode læringsmiljø, høg gjennomføring og tettare oppfølging som fokus for utvikling av kvalitet.

Hovudmålsetting

Talet på elevar og lærlingar som gjennomfører vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal med greidd resultat etter 5 års opplæring, skal aukast frå 76,2 % i 2016 til 79 % i 2019. Den nasjonale målsettinga er 75 %.

Prioriterte område

For å utvikle kvaliteten og betre gjennomføringa er det vedteke i fylkestinget 12.12.2016, at følgende område skal prioriterast:

- Det skal arbeidast systematisk med utvikling av tilpassa opplæring, læringsmiljøet, den formative vurderinga og grunnleggande ferdigheitar i skolane.
- Det skal saman med lokalt og regionalt arbeidsliv, arbeidast for å skape fleire lære- og opplæringsplassar.
- Gjennom avtalar om utplassering i yrkesfagleg fordjuping skal skolane arbeide for å formidle elevane til læreplass.
- Det skal arbeidast med å vidareutvikle varige samarbeidsstrukturar både når det gjeld overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande skole og frå vidaregåande skole til opplæring i bedrift.
- Det skal arbeidast med å gi gode opplæringstilbod til elevar og lærlingar som treng særskilt oppfølging.
- Det skal arbeidast med å utvikle rådgivingstenesta slik at elevane får eit godt grunnlag for å gjere val om utdanning og yrke.
- Det skal arbeidast med pedagogisk leiing gjennom vidareutvikling av leiarrolla.

Om kvalitetsplanen

Kvalitetsplanen har ein tidshorisont på 4 skoleår, men blir revidert årleg. Kvalitetsplanen blir endeleg vedteken i fylkestinget i juni. Med utgangspunkt i den vedteke planen skal både skolane og utdanningsavdelinga utarbeide årlege tiltaksplanar. Til slutt i planen er det vist til oppfølging av kvalitetsarbeidet. Vedlegg 1 syner kvalitetsplanen sin plass i årshjulet for arbeid med kvalitet.

Kvalitetsplanen er delt inn i 3 kvalitetsområde:

- Strukturkvalitet: omfattar opplæringsverksemda sine ytre føresetnader, tilsvarende organisasjon og ressursar forstått i brei forstand
- Prosesskvalitet: omfattar opplæringsverksemda sine indre aktivitetar, sjølv arbeidet med opplæringa; m.a. læringsmiljøet, innhald og arbeidsmåtar i opplæringa og lærarane sin kompetanse
- Resultatkvalitet: uttrykker læringsutbytte målt opp mot opplæringsverksemda sine målsettingar for opplæringa

Dei 3 kvalitetsområda er delvis overlappande. I kvalitetsplanen blir det vist til indikatorar som kvalitetskjenneiteikn innanfor områda struktur-, prosess- og resultatkvalitet.

2. Strukturkvalitet

Strukturkvalitet beskriv opplæringsverksemda sine ytre føresetnader, tilsvarande organisasjon og ressursar forstått i brei forstand. Strukturkvalitet omfattar mellom anna

- dokument som definerer, styrer og dannar grunnlaget for organiseringa av verksemda som lov, regelverk og planverk
- den formelle kompetansen til pedagogane/lærarane
- personaltettleik
- storleik og samansetjinga av elevgruppene
- fysiske rammer som bygg, utstyr og liknande
- andre rammevilkår og økonomi

Målsettingar

- Vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal skal ha ein føreseieleg tilbodsstruktur (skolebruksplan).
- Det er ei målsetting i Møre og Romsdal at 90 % av søkarane med ungdomsrett skal få primærønsket sitt om val av Vg1-utdanningsprogram oppfylt.
- Den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal skal ha attraktive og relevante utdanningstilbod for elevane, og relevante tilbod for arbeidslivet lokalt og regionalt for rekruttering av arbeidskraft.
- Av elevar frå Vg2-yrkesfag som primært søker lærekontrakt er det ei målsetting at 90 % skal få sitt ønske oppfylt.
- Det skal saman med lokalt og regionalt arbeidsliv, arbeidast for å skape fleire lære- og opplæringsplassar.
- Gjennom avtalar om utplassering i yrkesfagleg fordjuping skal skolane arbeide for å formidle elevane til læreplass.
- Det skal arbeidast med å vidareutvikle varige samarbeidsstrukturar både når det gjeld overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande skole og frå vidaregåande skole til opplæring i bedrift.
- Det skal arbeidast med å utvikle rådgivingstenesta slik at elevane får eit godt grunnlag for å gjere val om utdanning og yrke.

Kvalitetsfremmande område

Tilbodsstruktur

For både fylkeskommunal og kommunal planlegging er det viktig å ha ein føreseieleg tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring lokalt. For rekruttering av lokal og regional arbeidskraft er det viktig å ha ein vidaregåande skole med relevante tilbod for både elevar, tilsette og arbeidslivet lokalt og regionalt. Ein robust tilbodsstruktur vil legge grunnlag for å byggje fagmiljø som har kontinuitet, noko som er viktig i skolen sitt langsiktige kvalitetsarbeid.

Skolebruksplanen rullerast kvart år med involvering av alle partar. Målsettinga om at 90 % av søkarane med ungdomsrett skal få sitt primærønske oppfylt, har konsekvensar for prioritering og kapasitet av utdanningsprogram regionalt og vekting i høve balansen mellom yrkesfag og studiespesialiserande program.

Samfunnskontrakten

Målet i [den nye samfunnskontrakten](#) er å sørge for at alle kvalifiserte elevar som ønsker det, skal få tilbud om læreplass. Saman med lokalt og regionalt arbeidsliv er det ei målsetting å skape fleire lære- og opplæringsplassar for elevar som tek yrkesfagleg opplæring. Dette er ein viktig føresetnad for felles innsats gjennom Samfunnskontrakten.

Gjennom avtalar om utplassering i yrkesfagleg fordjuping skal skolane arbeide for å formidle elevane til læreplass. Av elevar frå Vg2-yrkesfag som primært søker lærekontrakt er det ei målsetting at 90 % skal få sitt ønske oppfylt. Formidlingsarbeid vert sette i fokus på alle nivå i planperioden.

Kommunesamarbeid

Skoleeigar arbeider for å knytte nærare samarbeid med kommunane i samband med ulike utfordringar i opplæringa. Dette gjeld både overgangar mellom nivå i opplæringa, karriererettleiing, tidleg innsats og kompetanseheving av lærarar og rådgivarar.

Karriererettleiing og rådgiving

Arbeidet med kvalitet i karriererettleiing og rådgiving i grunnopplæringa held fram. Elevane skal få godt grunnlag for å gjere val om utdanning og yrke. Implementering av Karriereløypa (2016) er eit viktig tiltak i arbeidet. Karriereløypa er eit samanhengande system for karriererettleiing i grunnopplæringa frå første skuleår til vaksen alder. Ungt Entreprenørskap (UE) er bidragsytar med fleire program i Karriereløypa. I tillegg er Karriere Møre og Romsdal ein viktig aktør for unge og vaksne som treng rettleiing i høve til utfordringar med utdanning og karriere.

Indikatorar for måling av strukturkvalitet

Data frå KOSTRA, SSB og Gjennomføringsbarometeret blir brukt for å måle strukturkvaliteten. I tillegg vil indikatoren overgang frå Vg2 yrkesfagleg utdanningsprogram i Hjernen&Hjertet vise tal på elevar som er formidla til lærekontrakt.

Andre indikatorar for måling av strukturkvalitet er m.a.:

Inntaksprioritet, driftsutgifter per elev, elevar med rett til spesialundervisning, ressursinnsats spesialundervisning og lærartettleik.

3. Prosesskvalitet

Prosesskvalitet handlar om skolen sine egne aktivitetar, sjølv arbeidet med opplæringa.

Prosesskvalitet omfattar mellom anna

- innhaldet i opplæringa
- metodiske tilnærmingar
- lærarane og instruktørane sin bruk av eigen kompetanse
- moglegheiter for lærarane og instruktørane til utvikling av kompetansen i arbeidet
- læringsmiljøet
- kvaliteten på relasjonar og prosessar i opplæringsverksemda
- samspel mellom personalet og elevar og lærlingar
- samspelet mellom elevane
- involvering av føresette
- samspelet mellom opplæringsverksemda og arbeids- og næringsliv

Målsettingar

- I Møre og Romsdal skal elevane oppleve at utdanningstilboda i den vidaregåande opplæringa er av høg kvalitet.
- I Møre og Romsdal skal skolane arbeide systematisk med grunnleggande ferdigheiter.
- I Møre og Romsdal skal tilpassa opplæring prege skolen si verksemd. Tilpassa opplæring handlar både om læringsmiljø, klasseleiing, formativ vurdering, organisering og arbeidsmåtar, både kollektivt og individuelt, samt undervisning og opplæring i tråd med nasjonale føringar.
- Det skal arbeidast med å gi gode opplæringstilbod til elevar og lærlingar som treng særskilt oppfølging.
- Skolane skal arbeide aktivt og systematisk for å fremje eit godt læringsmiljø.
- Skolane skal arbeide med utvikling av den formative vurderinga for å fremje læring.
- I Møre og Romsdal skal skolane og lærebedriftene drive eit systematisk og kontinuerlig arbeid for å fremje helse, miljø og tryggleik til elevar, lærlingar og lærekandidatar både i fysiske og digitale rom.
- Det skal arbeidast med pedagogisk leiing gjennom vidareutvikling av leiarrolla.

Kvalitetsfremmande område

Grunnleggande ferdigheiter

Skolane skal arbeide systematisk med dei grunnleggande ferdigheitene etter læreplanen som ein del av arbeidet med tilpassa opplæring.

Elevar som står i fare for å ikkje bestå opplæringa ved skoleslutt skal få særskilt merksemd gjennom målretta arbeid med grunnleggande ferdigheiter.

Tilpassa opplæring

For at ungdomen i den vidaregåande opplæringa i Møre og Romsdal skal lukkast og bli godt budd på arbeidsliv og vidare utdanning, skal elevane, lærlingane og lærekandidatane gjennom tilpassa opplæring oppleve meistring og fagleg utvikling.

Elevane skal kunne tileigne seg og bruke kunnskapar og ferdigheiter til å meistre utfordringar og løyse oppgåver i kjente og ukjente samanhengar og situasjonar. For å nå dette målet må elevane lære seg å samarbeide, dele og skape kunnskap gjennom ulike digitale og meir tradisjonelle arbeidsmetodar i opplæringa. Elevane tileignar seg lærestoffet på ulike måtar og dei bør gjennom opplæringa i faget få presentert fagstoffet digitalt og analogt, gjennom lyd, film og andre type media. Dei skal også få kompetanse i å dele, samarbeide og skape kunnskap gjennom ulike media, verktøy og arbeidsmåtar.

For ungdom med ulike utfordringar i kvardagen, skal skolen og bedriftene gjennom tidleg innsats og tett oppfølging, arbeide for at dei kan fullføre si opplæring. Dette skjer i samarbeid med kommunar, helsetenesta, PPT og eventuelt andre aktørar. Tilrådingane i rapporten «Læraren i møte med utsette elevar, roller og relasjonar» skal implementerast.

Læringsmiljø

Det skal arbeidast aktivt og systematisk for å fremje eit godt psykososialt miljø, både på digitale og andre sosiale arenaer. Den enkelte elev, lærling og lærekandidat skal oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Skolane må sørge for å implementere nødvendige rutinar for saksbehandling av saker knytt til elevane sitt psykososiale miljø i tråd med lov og forskrift.

Skoleleiinga skal arbeide systematisk for elevdemokrati, elevmedverknad, og god klasseleiing med eleven sitt læringsutbytte i fokus. Likeeins skal fylkesutdanningsjefen følgje opp lærlingane for å sikre at dei har eit godt arbeidsmiljø med tryggleik og sosialt tilhør.

For at elevråda ved skolane skal arbeide for eit godt læringsmiljø, gode arbeidsforhold og velferdsinteressene til elevane, må skolen aktivt bidra til at saker som gjeld elevane sin skolekvardag vert handsama i elevrådet.

Vurdering

Skolane skal spesielt utvikle kvaliteten innafor den formativ vurderinga med vektlegging på det som fremjar læring, som tydeleg og god struktur i undervisninga, der elevane er kjent med mål, kriterier og kjenneteikn for læringa. Elevane skal ha tydeleg tilbakemelding på kvaliteten på arbeid og prestasjon, i tillegg til framovermelding med råd om korleis dei kan forbetre seg. Det skal vere klare forventningar til elevane si læring og ein positiv og støttande relasjonar mellom elev og lærar. Elevane skal vere involvert i eget læringsarbeid ved m.a. å vurdere eget arbeid og utvikling.

Ein skal arbeide med kjenneteikn på god undervisning i fag, jf. «Oldenburg-dekalogen» og nasjonale føringar for vurdering. Skolane skal og kunne ta i bruk digitale ressursar til hjelp i arbeidet med den formative vurderinga. Gjennom både tema og deling i leiarsamlingar skal ein saman bidra til å utvikle opplæringa i skolen.

Relevans i faga

Skolane skal implementere metodikken frå FYR-satsinga og arbeide aktivt med fagleg relevans i fellesfag og programfag. Skolane skal synleggjere sitt arbeid i årsplana for skolen.

Kompetanseutvikling

For å sikre kompetansebygging skal fylkesutdanningsjefen bruke dei innarbeidde systema (fylkesakademiet, rektorutdanning og vidareutdanning, leiarsamlingar, fylkeskommunens eget leiarutviklingsprogram, fagnettverk, rådgivarnettverket m.m.) slik at dei tilsette får nødvendig kompetanseutvikling. Dette gjeld og instruktørar og faglege rettleiarar innafor den vidaregåande opplæringa i bedrift. Fagnettverka skal arbeide med vurdering som fremjar læring og pedagogisk bruk av IKT etter eit tydeleg mandat. Gjennom arbeidstidsavtalen skal skoleleiinga legge til rette for kompetanseutvikling og erfaringsdeling i kollegiet.

Indikatorar for måling av prosesskvalitet

Indikatorar som måler prosesskvaliteten er ei rekke indikatorar innanfor områda tilpassa opplæring, læringsmiljø, vurdering, medverknad og kompetanseutvikling.

Tilpassa opplæring

For å vurdere elevane sin opplevde kvalitet på tilpassa opplæring legg ein m.a. til grunn indikatorar frå Elevundersøkinga om læringskultur, vurdering for læring, motivasjon, meistring, støtte frå lærarar, fagleg utfordring og medverknad.

For å vurdere lærlingane sin opplevde kvalitet på tilpassa opplæring legg ein til grunn m.a. indikatorar frå Lærlingundersøkinga om læringskrav, medverknad, løpande fagleg rettleiing, halvårssamtale og planmessig opplæring.

Læringsmiljø

For å vurdere elevane sin opplevde kvalitet på læringsmiljø legg ein m.a. til grunn indikatorar frå Elevundersøkinga om trivsel, støtte frå lærarar, arbeidsforhold og læring, arbeidsmiljø, medverknad og felles reglar.

For å vurdere lærlingane sin opplevde kvalitet på læringsmiljø legg ein m.a. til grunn indikatorar frå Lærlingundersøkinga om trivsel, medverknad, viktig for læring og HMS.

Vurdering

For å vurdere elevane sin opplevde kvalitet på vurderingsarbeidet legg ein m.a. til grunn indikatorar frå Elevundersøkinga om vurdering for læring, medverknad, arbeidsforhold og læring.

For å vurdere lærlingane sin opplevde kvalitet på vurderingsarbeidet legg ein m.a. til grunn indikatorar frå Lærlingundersøkinga om læringskrav, medverknad, løpande fagleg rettleiing, halvårssamtalen og planmessig opplæring.

Medverknad

For å vurdere elevane sin opplevde kvalitet på medverknad legg ein m.a. til grunn indikatorar frå Elevundersøkinga om elevdemokrati og medverknad.

For å vurdere lærlingane sin opplevde kvalitet på medverknad legg ein m.a. til grunn indikatorar frå Lærlingundersøkinga om medverknad, viktig for læring, løpande fagleg rettleiing, halvårssamtale og planmessig opplæring.

Kompetanseutvikling

For å vurdere personalet sin opplevde kvalitet på kompetanseutvikling legg ein til grunn utvalde spørsmål frå MTM-undersøkinga (medarbeidarundersøkinga) om skolen sitt kompetansebehov, opplæring av tilsette, kompetansedeling og kompetanseutvikling. MTM-undersøkinga gjennomførast tredjekvart år.

4. Resultatkvalitet

Resultatkvalitet handlar om det ein ønskjer å oppnå med det pedagogiske arbeidet. Det vil seie kva elevane/lærlingane har lært, kva kompetanse dei har oppnådd, i løpet av opplæringstida. Dette kjem til uttrykk ved at ein ser på læringsutbytte målt opp mot opplæringsverksemda sine målsettingar for opplæringa.

Resultatkvalitet er knytt til overgripande mål i planverket og måla i dei enkelte planane. I samsvar med opplæringslov og læreplanverk kan det leggjast til grunn at resultatkvalitet omfattar det heilskaplege læringsutbyttet.

Målsettingar

- Talet på elevar og lærlingar som gjennomfører vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal med greidd resultat etter 5 års opplæring, skal aukast frå 76,2 % i 2016 til 79 % i 2019. Den nasjonale målsettinga er 75 %.
- For kvart årstrinn skal minst 84 % av elevane ha gjennomført skoleåret med greidd resultat og minst 96 % av lærlingane skal ha greidd fag-/sveineprøva.
- For kvart skoleår skal mindre enn 4 % av elevane slutte i løpet av skoleåret og i læretida skal mindre enn 3 % av lærlingane heve kontrakten sin.
- For å auke talet på gjennomføring i Møre og Romsdal er det eit mål å auke talet på læreplassar for å sikre overgangen frå Vg2 på yrkesfaglege utdanningsprogram. Tilgangen til læreplassar vil påverke overgangen og gjennomføringa i stor grad.

Vurdering av skoler resultat

Skolane skal utvikle arbeidet med vurdering av skoler resultat henta frå m.a. Hjernen&Hjertet med tydeleg involvering av personalet i evalueringsprosessen av skoleåret. Evalueringa vil gi grunnlag for utviklingsprosessar knytt til arbeidet med skolen sin nye handlingsplan. Arbeid innan struktur- og prosesskvalitet skal føre til betre resultat kvalitet.

Fylkesutdanningssjefen skal likeeins utvikle arbeidet med vurdering av resultat med tydeleg involvering av personalet i evalueringsprosessen av skoleåret. Denne evalueringa vil då gi grunnlag for utviklingsprosessar knytt til arbeidet med kvalitetsplanen, fylkesutdanningssjefen sin oppdragsavtale til skolane, fylkesutdanningssjefen sin handlingsplan, og kvalitetsmeldinga.

Indikatorar for måling av resultat kvalitet

Hovudmålsettinga i Møre og Romsdal er at talet på elevar og lærlingar som gjennomfører vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal med greidd resultat etter 5 års opplæring, skal aukast frå 76,2 % i 2016 til 79 % i 2019.

Indikatorar som måler hovudmålsettinga og resultat kvaliteten er m.a. elevar som har fullført og bestått skoleåret, elevar som har slutta, lærlingar som har heva lærekontrakten, overgangar, overgang frå yrkesfagleg Vg2, og gjennomføring i løpet av 5 år.

Andre indikatorar for måling av resultat kvalitet er m.a.: karakterar i fag, samla karaktersnitt, utvikling i samla karaktersnitt, karakterutvikling frå grunnskolen til trinn, karakterutvikling, karakter orden og åtfærd, og fråvær.

Datagrunnlag er Hjernen&Hjertet, Vigo, KOSTRA, SSB og Skoleporten.

5. Oppfølging av kvalitetsarbeidet

Analyse, vurdering av resultat og handlingsplaner

Skolane skal utvikle arbeidet med vurdering av skoler resultat henta frå Hjernen&Hjertet med tydeleg involvering av personalet i evalueringsprosessen. Evalueringa vil gi grunnlag for utviklingsprosessar knytt til arbeidet med fylkesutdanningssjefens prioriterte område og oppdragsavtalane. Evalueringa skal føre fram til skolen sin nye handlingsplan. På den måten legg ein grunnlag for å arbeide systematisk med den skolebaserte vurderinga.

Oppdragsavtalar og leiardialog

Føremålet med oppdragsavtalane er at fylkesutdanningssjefen saman med skolane set felles målsettingar for tenesteutviklinga og kvalitetsarbeidet ved skolen. Fylkesutdanningssjefen skal følge opp skoleleiinga gjennom året, slik at ein saman vurderer dei behova skolen har for støtte og oppfølging for å nå målsettingane. I oppdragsavtalane er det mål som gjeld alle skolane og egne utfordringsområde som kvar enkelt skole må arbeide spesielt med. Leiardialogen skal bidra til å fremme eit godt samarbeid mellom den enkelte skole og fylkesutdanningssjefen.

Skolebasert vurdering, årsmelding og kvalitetsmelding

Skolane sitt arbeid med skolebasert vurdering skal dokumenterast i ei årsmelding. Skolane skal bruke rapporteringsmalen i Hjernen&Hjertet til årsmeldinga, som skal publiserast på skolen si nettside. Fylkesutdanningssjefen legg fram ei årleg kvalitetsmelding til fylkestinget i desember. Skolane sine årsmeldingar skal leggest ved fylkesutdanningssjefens kvalitetsmelding til fylkestinget. Kvalitetsmeldinga skal drøftast av fylkestinget og gi føringar for kva for område ein skal prioritere.